

Julenissen trekte i dag ut kalender nr. 39 som den glade vinnar av hovudgevinsten på Uskedal skulemusikk sin kjekke adventskalendar. Vinnaren får bålpanne m/tilbehør til ein verdi av 2990,-kr. Sidan Auto 88 AS no er stengt for julehelga, kan vinnaren kontakte Hege Lekva (988 07 713) så vil gevinsten bli overlevert. Vi gratulerer så mykje med den flotte gevinsten og håpar vinnaren vil få mykje glede av den.

Uskedal skulemusikk vil takka alle som har støtta oss med å kjøpa kalenderar. Vi håpar den har gitt dåke både spenning og førjulsstemning. Støtta de har gjeve oss er svært viktig for tilbodet vi gir dei unge i korpset, og som i neste omgang spreier glede i bygda. Alle vinnarnummer vert seinare presentert på uskedalen.no.

Skulemusikken ønsker alle ei fredfull og god julehelg og eit godt nytt år!!